



Vår saksbehandlar:
Elisabeth Gjerde

Direkte telefonnr.:
53423154

Vår dato:
01.02.2017
Dykkar dato:

Vår referanse:
2016/406-89/1222602/2017
Dykkar referanse:

FRONTA BYGG AS
Postboks 1314
5406 STORD

MOTTAKSKONTROLL VED SØKNAD OM OLJEUTSKILJAR 89/122, 127 HOLLUND

Viser til mottatt byggjesøknad den 04.01.17 for tiltak på ovanfor nemnde eigedom.

Bømlo kommune kan handsame søknaden etter plan- og bygningslova, men gjer merksam på at påslepp av oljehaldig avlaupsvatn også krev løyve etter forureiningsforskrifta § 15-3. Før vi kan ta stilling til søknaden, må vi be om at De sender inn fleire opplysningar/ dokumentasjon i saka, jamfør Forvaltningslova §17 og forureiningslova §15-4.

Vi bed om følgjande dokumentasjon:

1. Utfylt søknad om utslepp/påslepp, sjå vedlegg
2. Dokumentasjon på korleis utslepp skal etablerast og drivast
3. Plassering av avlaupsanlegget (m1:1000)
4. Dokumentasjon som viser at krava i forureiningsforskrifta §15-7 er ivareteke.

Vi prøver å gje ein så komplett tilbakemelding som mogleg i dette brevet, men gjer merksam på at vi kan be om ytterlegare dokumentasjon dersom vi finn dette naudsynt ved ein nøyare gjennomgang av søknaden. Vi minner også om at det er ansvarleg søkjar sitt ansvar å syte for at all naudsynt dokumentasjon følgjer søknaden.

Dersom De har spørsmål til dette brevet så ta kontakt med underteikna.

Med helsing
Bømlo kommune

Elisabeth Gjerde
Avd. ingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi til:
HORDALAND FYLKESKOMMUNE Postboks 7900 5020 BERGEN